



Statens vegvesen

Hordaland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Erling Hodneland - 55516355

Vår referanse:
2015/001577-013

Dykkar referanse:

Vår dato:
04.06.2015

Fv 209 Storeskaret - Arefjordpollen - risikoreduserande tiltak ved gjennomføring av prosjektet.

Fylkestinget har vedteke at vi skal byggje ut fv 209 Storeskaret – Arefjordpollen.

I budsjettet for 2015 er det sett av 50 mill.kr til oppstart i år med vidareføring i 2016. I 1. tertialrapport har vi kort orientert om prosjektet og rapportert at forbruket vert ca 15 mill.kr i år.

Siktemålet er å lyse ut prosjektet i Doffin/TED i løpet av juni 2015.

I samband med førebuinga av tilbudsgrunnlaget har det kome fram at ei høgspenmast på 300 kV-linje i Arefjorden må flyttast. Dersom masta skal flyttast, er ordninga slik at det BKK som skal gjere dette. Men BKK vil ikkje påta seg risikoen med omlegging av linja ut over planlagt tid. Risikoen er knytta til levering av straum til Kolsnes. Dei såkalla kilekostnadane (kvalitetsjusterte inntektsrammer ved ikkje levert straum) er sers høge og dette vil utgjere følgjande: 1. sekund = 15 mill.kr og deretter 360 000 kr pr time (60 % av det verst tenkelege) og utgjøre 17,64 mill.kr pr døgn. BKK meiner at HFK/SVV må ta på seg denne risikoen, sidan det er HFK/SVV som har initiert vegutbygginga og behovet for flytting av masta.

Denne risikooverføringa er vanskeleg å akseptere ut frå prinsippet om at den som har ansvaret for arbeidet også må bere risikoen. SVV sine juristar vurderer det likevel slik at vi ikkje kan pålegge BKK denne risikoen sidan det er vår vegutbygging som utløyser tiltaket og risikoen.

For å redusere risikoen til det akseptable, vil vi foreslå at vi utsett bygging av den eine av gangbruene som ligg kritisk plassert i forhold til lengda frå høgspenmasta. Det er bygginga av denne brua som er krev flytting av masta, jfr vedlagte teikningar.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger

Telefon: 02030
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5147 FYLLINGSDALEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Landsdekkende regnskap

9815 Vadsø
Telefon:
Telefaks:

Funksjonen til gangbrua er å få ein sikker planfri kryssing av vegen til busslomma på austsida av vegen. Alternativet er å krysse vegen i plan. Etter det vi har fått opplyst vil det førebels ikkje gå bussar på den nye vegen og då er det sers få som vil krysse vegen her.

Etter vårt syn vil ikkje utsetting av bygginga av denne gangbrua no medføre store ulemper for trafikantane. Vi vil gjere fundamenta for gangbrua ferdig, men vente med brua. På vestsida av vegen vert det bygd samanhengande gangveg.

Når ny kraftlinje Mongstad – Kollsnes er teken i bruk, vil den aktuelle høgspenlinja ikkje vere så kritisk i forhold til Kollsnes, og det er mogeleg å bygge gangbrua utan den ovannemnde risiko.

Vi vil difor rår til å utsette bygging av gangbrua for å redusere den økonomiske risikoen ved gjennomføring av prosjektet Storeskaret – Arefjordpollen.

Vegavd Hordaland
Med helsing



Olav Finne
Avdelingsdirektør



Erling Hodneland

1 vedlegg